

FJORD KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Kommunedirektøren
Revisjon

INNKALLING TIL MØTE I FJORD KONTROLLUTVAL

Torsdag 14. mai 2020, kl. 10.00, rådhuset i Valldalen

SAKLISTE:

- Sak 08/20 Meldingar.
- Sak 09/20 Godkjenning av møtebok frå møte 17.04.2020.
- Sak 10/20 Orientering om omdisponering av dyrka jord i Fjord kommune.
- Sak 11/20 Risiko- og vesentlegvurdering – bestilling, innspel og diskusjon i kontrollutvalet.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no

Jonas Falch
leiar
(sign.)

Sak 08/20 Meldingar.

Melding nr. 1, kontrollrapport 2019 vedkomande skatteoppkrevjaren for Stordal kommune
Melding nr. 2, kontrollrapport 2019 vedkomande skatteoppkrevjaren for Norddal kommune.
Melding nr. 3, Oversikt aksjar og andelar Fjord kommune.



Datoen vår
17.02.2020

800 80 000
Skatteetaten.no

Org.nr
974761076

Datoen dykkar

Referansen dykkar

Referansen vår
2019/6816823

Sakshandsamar
Karl Inge Klausen

Telefon
97492001

Postadresse
Postboks 9200 Grønland
0134 OSLO

Kommunestyret i Fjord kommune
post@fjord.kommune.no

Kontrollrapport 2019 vedkomande skatteoppkrevjaren for Stordal kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingslova og "Instruks for skatteoppkrevere" av 8. april 2014.

Skatteetaten har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane. Det betyr at Skatteetaten:

- pliktar å gje rettleiing og bistand i faglege spørsmål
- gjennom mål- og resultatstyring søker å leggje til rette for best mogeleg resultat
- utfører kontroll av skatteoppkrevjaren

Grunnlaget for Skatteetaten sin styring av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkrevere" av 1. januar 2014. Grunnlaget for Skatteetaten sin kontroll av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkrevere" av 16. mai 2018.

Føremålet med kontrollen er å avklare:

- om skatteoppkrevjaren har ein tilfredsstillande internkontroll for utføringa av sine gjeremål
- om føring av rekneskapen, rapporteringa og avlegginga av årsrapporten og årsrekneskapen er i samsvar med gjeldande regelverk
- om utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølging av restansane er i samsvar med gjeldande regelverk
- om utføringa av arbeidsgjevarkontrollen er i samsvar med gjeldande regelverk

2. Om skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjarfunksjonen for Stordal kommune handsamast av Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Kemnerkontoret er skatteoppkrevjar for Ålesund, Giske, Sandøy, Norddal, Stordal, Ørskog, Skodje, Sykkylven og Haram.

Tal årsverk 2019	Tal årsverk 2018	Tal årsverk 2017
24,0	17,4	18,0



Dei oppgjevne årsverka gjeld samla for heile Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Av dei oppgjevne årsverka gjeld 2,5 årsverk arbeidsgjevarkontroll i dei andre kommunane som er med i det interkommunale kontrollsamarbeidet for arbeidsgjevarkontrollen.

3. Måloppnåing

Skatte- og avgiftsinngang

Skatteoppkrevjaren sin frist for avlegging av årsrekneskapen og årsrapporten er 23. januar 2020. Skatteetaten har motteke dette innan fastsett frist.

Årsrekneskapen for Stordal kommune viser per 31. desember 2019 ein endeleg skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) og vidaresending plassering mellom kommunar på kr 96 022 781 og uteståande restansar² på kr 1 563 360.

Innkrevjingsresultata

Tabellen viser innkrevjingsresultata per 31. desember 2019 for Stordal kommune.

	Resultatkrav 2019 (i %)	Innbetalt av sum krav 2019 (i %)	Innbetalt av sum krav 2018 (i %)	Innbetalt av sum krav samla for heile landet 2019 (i %)
Restskatt personlege skattytarar 2017	95,00 %	99,21 %	97,36 %	96,26 %
Forskotsrekk 2018	99,90 %	100,00 %	100,00 %	99,95 %
Forskotskatt personlege skattytarar 2018	99,50 %	99,72 %	98,61 %	99,40 %
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2018	99,90 %	100,00 %	100,00 %	99,91 %
Restskatt upersonlege skattytarar 2017	99,40 %	100,00 %	100,00 %	98,97 %
Arbeidsgjevaravgift 2018	99,80 %	99,99 %	99,82 %	99,84 %

For Stordal kommune er det gode resultat, og alle krav er nådd.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalte debetkrav



4. Skatteetaten sin kontroll av skatteoppkrevjaren

Skatteetaten sin kontroll av skatteoppkrevjarane vert utført i samsvar med ein årleg plan, der behovet for kontroll av områda skatterekneskap, innkreving og arbeidsgjevarkontroll vert vurdert overordna for kvar skatteoppkrevjar. Alle område vil derfor nødvendigvis ikkje bli kontrollert kvart år.

Skatteetaten har for 2019 utført kontorkontrollar av skatteoppkrevjaren for området skatterekneskap.

Skatteetaten har i 2019 også gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjaren for området skatterekneskap 11. og 12. desember 2019. Rapport er send skatteoppkrevjaren 21. januar 2020.

Skatteoppkrevjaren sin overordna internkontroll

Basert på dei kontrollane som Skatteetaten har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av årsrekneskapen

Basert på dei kontrollane som Skatteetaten har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegging av årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

Arbeidsgjevarkontroll

Ein nærare kommentar av Skatteetaten sin kontroll og oppfølging av arbeidsgjevarkontrollen går fram av vedlegget til denne kontrollrapporten.

5. Skatteetaten sin oppfølging av skatteoppkrevjaren

Skatteetaten har halde oppfølgings- og styringsmøte med skatteoppkrevjar 12. desember 2019. Tema i samtalen var måloppnåing, faglege tilbakemeldingar på arbeidet med internkontroll, innkreving og skatterekneskap. Vidare samlingar, kurs og informasjon frå skatteoppkrevjar om ressurssituasjon, kompetanse og endringar på kontoret.

Dette er siste året kommunestyret vil få denne kontrollrapporten for skatteoppkrevjinga i kommunen. Stortinget vedtok 13. desember 2019 at skatteoppkrevjarfunksjonen skal overførast til Skatteetaten frå 1. juni 2020.

Fram til 1. juni 2020 er det kommunane som har ansvaret for skatteoppkrevjinga. Kommunar som får ressursutfordringar på skatteoppkrevjingsområdet fram til overføringa 1. juni 2020, må søke støtte hos andre kommunar, og aktuelle kommunar bør ha ein beredskapsplan for dette. Tilstrekkeleg kompetanse og ressursar i skatteoppkrevjarfunksjonen er eit avgjerande bidrag for å løyse samfunnsoppdraget; å sikre eit finansielt hovudgrunnlag for offentleg verksemd.



Med helsing

Marita Ryeng
underdirektør
Innkreving, Oppfølging skatteoppkrevere
Skatteetaten

Tommy Grongstad

For ettertida kan spørsmål til Skatteetaten om oppfølging av skatteoppkrevjarane rettast til:

- oppfolging-skatteoppkrever@skatteetaten.no for skatterekneskaps- og innkrevjingsområdet
- SKOstyringAGK@skatteetaten.no for arbeidsgjevarkontrollområdet

Kopi til: Nordre Sunnmøre kemnerkontor
 Kontrollutvalet for Fjord kommune
 Rådmann/administrasjonssjef for Fjord kommune
 Riksrevisjonen

Vedlegg: Resultat og styringsinformasjon vedkomande arbeidsgjevarkontrollen

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje håndskrivne signaturar.



Datoen vår
17.02.2020

800 80 000
Skatteetaten.no

Org.nr
974761076

Datoen dykkar

Referansen dykkar

Referansen vår
2019/6816823

Sakshandsamar
Karl Inge Klausen

Telefon
97492001

Postadresse
Postboks 9200 Grønland
0134 OSLO

Kommunestyret i Fjord kommune
post@fjord.kommune.no

Kontrollrapport 2019 vedkomande skatteoppkrevjaren for Norddal kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingslova og "Instruks for skatteoppkrevere" av 8. april 2014.

Skatteetaten har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane. Det betyr at Skatteetaten:

- pliktar å gje rettleiing og bistand i faglege spørsmål
- gjennom mål- og resultatstyring søker å leggje til rette for best mogeleg resultat
- utfører kontroll av skatteoppkrevjaren

Grunnlaget for Skatteetaten sin styring av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverte" av 1. januar 2014. Grunnlaget for Skatteetaten sin kontroll av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverte" av 16. mai 2018.

Føremålet med kontrollen er å avklare:

- om skatteoppkrevjaren har ein tilfredsstillande internkontroll for utføringa av sine gjeremål
- om føring av rekneskapen, rapporteringa og avlegginga av årsrapporten og årsrekneskapen er i samsvar med gjeldande regelverk
- om utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølging av restansane er i samsvar med gjeldande regelverk
- om utføringa av arbeidsgjevarkontrollen er i samsvar med gjeldande regelverk

2. Om skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjarfunksjonen for Norddal kommune handsamast av Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Kemnerkontoret er skatteoppkrevjar for Ålesund, Giske, Sandøy, Norddal, Stordal, Ørskog, Skodje, Sykkylven og Haram.

Tal årsverk 2019	Tal årsverk 2018	Tal årsverk 2017
24,0	17,4	18,0



Dei oppgjevne årsverka gjeld samla for heile Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Av dei oppgjevne årsverka gjeld 2,5 årsverk arbeidsgjevarkontroll i dei andre kommunane som er med i det interkommunale kontrollsamarbeidet for arbeidsgjevarkontrollen.

3. Måloppnåing

Skatte- og avgiftsinngang

Skatteoppkrevjaren sin frist for avlegging av årsrekneskapen og årsrapporten er 23. januar 2020. Skatteetaten har motteke dette innan fastsett frist.

Årsrekneskapen for Norddal kommune viser per 31. desember 2019 ein endeleg skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) og vidaresending plassering mellom kommunar på kr 155 122 462 og uteståande restansar² på kr 1 027 574.

Innkrevjingsresultata

Tabellen viser innkrevjingsresultata per 31. desember 2019 for Norddal kommune.

	Resultatkrav 2019 (i %)	Innbetalt av sum krav 2019 (i %)	Innbetalt av sum krav 2018 (i %)	Innbetalt av sum krav samla for heile landet 2019 (i %)
Restskatt personlege skattytarar 2017	95,00 %	99,18 %	99,82 %	96,26 %
Forskotsrekk 2018	99,90 %	100,00 %	100,00 %	99,95 %
Forskotskatt personlege skattytarar 2018	99,50 %	100,00 %	100,00 %	99,40 %
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2018	99,90 %	100,00 %	100,00 %	99,91 %
Restskatt upersonlege skattytarar 2017	99,40 %	100,00 %	100,00 %	98,97 %
Arbeidsgjevaravgift 2018	99,80 %	100,00 %	100,00 %	99,84 %

For Norddal kommune er det gode resultat, og alle krav er nådd.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalte debetkrav



4. Skatteetaten sin kontroll av skatteoppkrevjaren

Skatteetaten sin kontroll av skatteoppkrevjarane vert utført i samsvar med ein årleg plan, der behovet for kontroll av områda skatterekneskap, innkreving og arbeidsgjevarkontroll vert vurdert overordna for kvar skatteoppkrevjar. Alle område vil derfor nødvendigvis ikkje bli kontrollert kvart år.

Skatteetaten har for 2019 utført kontorkontrollar av skatteoppkrevjaren for området skatterekneskap.

Skatteetaten har i 2019 også gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjaren for området skatterekneskap 11. og 12. desember 2019. Rapport er send skatteoppkrevjaren 21. januar 2020.

Skatteoppkrevjaren sin overordna internkontroll

Basert på dei kontrollane som Skatteetaten har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av årsrekneskapen

Basert på dei kontrollane som Skatteetaten har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegging av årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

Arbeidsgjevarkontroll

Ein nærare kommentar av Skatteetaten sin kontroll og oppfølging av arbeidsgjevarkontrollen går fram av vedlegget til denne kontrollrapporten.

5. Skatteetaten sin oppfølging av skatteoppkrevjaren

Skatteetaten har halde oppfølgings- og styringsmøte med skatteoppkrevjar 12. desember 2019. Tema i samtalen var måloppnåing, faglege tilbakemeldingar på arbeidet med internkontroll, innkreving og skatterekneskap. Vidare samlingar, kurs og informasjon frå skatteoppkrevjar om ressurssituasjon, kompetanse og endringar på kontoret.

Dette er siste året kommunestyret vil få denne kontrollrapporten for skatteoppkrevjinga i kommunen. Stortinget vedtok 13. desember 2019 at skatteoppkrevjarfunksjonen skal overførast til Skatteetaten frå 1. juni 2020.

Fram til 1. juni 2020 er det kommunane som har ansvaret for skatteoppkrevjinga. Kommunar som får ressursutfordringar på skatteoppkrevjingsområdet fram til overføringa 1. juni 2020, må søke støtte hos andre kommunar, og aktuelle kommunar bør ha ein beredskapsplan for dette. Tilstrekkeleg kompetanse og ressursar i skatteoppkrevjarfunksjonen er eit avgjerande bidrag for å løyse samfunnsoppdraget; å sikre eit finansielt hovudgrunnlag for offentleg verksemd.



Med helsing

Marita Ryeng
underdirektør
Innkreving, oppfølging skatteoppkrevere
Skatteetaten

Tommy Grongstad

For ettertida kan spørsmål til Skatteetaten om oppfølging av skatteoppkrevjarane rettast til:

- oppfolging-skatteoppkrever@skatteetaten.no for skatterekneskaps- og innkrevjingsområdet
- SKOstyringAGK@skatteetaten.no for arbeidsgjevarkontrollområdet

Kopi til: Nordre Sunnmøre kemnerkontor
 Kontrollutvalet for Fjord kommune
 Rådmann/administrasjonssjef for Fjord kommune
 Riksrevisjonen

Vedlegg: Resultat og styringsinformasjon vedkomande arbeidsgjevarkontrollen

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje håndskrivne signaturar.

OVERSIKT OVER SELSKAP SOM FJORD KOMMUNE HAR EIGARDEL I ELLER EIG 100%			
	Norddal	Stordal	Fjord
Art: 22168002 Norsk Skogindustri AS	11 725		11 725
Art: 22168003 AS Møretre	0		0
Art: 22168004 AS Storfjordsambandet	1 000		1 000
Art: 22168005 AS Nordøyvegen	0		0
Art: 22168006 Kommunekraft AS	1 000		1 000
Art: 22168010 Tafjord Kraftselskap AS	17 100 000		17 100 000
Art: 22168011 Eigenkapital KLP	6 705 343		6 705 343
Art: 22168016 Storfjord Helsesenter AS	6 872 858		6 872 858
Art: 22168020 Åknes-Tafjord IKS	297 500	192 500	490 000
Art: 22168021 ÅRIM IKS	9 500	5 500	15 000
Art: 22168022 Valldal Fjernvarme AS	3 660 000		3 660 000
Art: 22170003 Fjørå Vassverk SA	19 000		19 000
Art: 22170004 Storfjord Kulturhus SA	5 000		5 000
Art: 22170005 Ytterdal Nye Vassverk SA	34 500		34 500
Art: 22170006 Norddal Vassverk SA	15 000		15 000
Art: 22170007 Tafjord Vasslag SA	7 000		7 000
Art: 22170012 Muritunet AS	2 620 000	75 000	2 695 000
Art: 22170013 Det Norske Teateret AS	400		400
Art: 22170014 Valldal Kailag AS	20 300		20 300
Art: 22170017 Fjordhagen AS	25 000		25 000
Art: 22170021 Hareid Fastlandsamband AS	5 000		5 000
Art: 22170022 Stiftinga Skredsenter Tafjord	50 000		50 000
Art: 22170023 Norsk Fjordsenter AS	1 210 000		1 210 000
Art: 22250001 Tafjord Kraftselskap ansvarleg	14 250 000		14 250 000
			0
Art 2217002 Biblioteksentralen		300	300
Art 2217003 Stordal Alpinsenter		26 000	26 000
Art 2217006 Årim		0	0
Art 2217009 Sunnmørshallen		5 500	5 500
Art 2217010 Storfjord sambandet		5 000	5 000
Art 2217012 Muritunet AS		0	0
Art 2217017 Ørskog Energi AS		9 379 000	9 379 000
Art 2217018 Stordal Næringsbygg		1 239 000	1 239 000
Art 2217020 Åknes Tafjord beredskap		0	0
Art 2217021 Møbelkraft AS		150 000	150 000
Art 2217023 Stordal Aquaproduksjon		100 000	100 000
Art 2217024 Utvikl forum Ålesund lufthamn		25 000	25 000
Totalt bokført verdi for aksjar og andelar	52 920 126	11 202 800	64 122 926
Der det er felles eigarskap har vi flytta verdien slik at totalen viser samla bokført verdi pr. selskap			
Ikkje balanseført i Stordal			
Hareid Fastlandssamband ??	3 054		
Storfjord Bladlag ??	5 280		

**KONTROLLUTVALET I
FJORD KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 17. april 2020

Møtestad: telefon fjernmøte kl. 11.00

Møtet vart leia av: Jonas Falch

Elles til stades: Gudmund Relling, Solveig Linge Stakkestad, Nina Grøndahl og Tanja Mathiesen.

Frå kontrollutvalsekretariatet deltok dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Møtet var eit reint orienteringsmøte.

1. Det blei diskutert litt rundt korona-krisa og konsekvensar for fysiske møte i kontrollutvalet. Fleire av medlemmane var fortrulig med Teams. Neste møte i kontrollutvalet torsdag 14. mai kl. 10.00 vil bli eit Teams-møte. Sekretariatet arrangerer dette i tillegg frå rådhuset i Valldalen og dei som ønskjer det (inntil 5 stk) kan delta frå møterom på rådhuset. Fleire av medlemmane uttrykte ønskje om dette.
2. Gudmund Relling bad om ei orientering på neste møte kring omdisponering av dyrka jord i Fjord kommune. Sekretariatet vil ta dette opp med kommunedirektøren og be om ei slik orientering.

Møtet var slutt kl. 11.20

Bjørn Tømmerdal

Dagleg leiar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Sak 10/20 Orientering om omdisponering av dyrka jord i Fjord kommune.
--

Bakgrunn: frå kontrollutvalet si møtebok 17. april 2020, punkt 2:

- 1. Gudmund Relling bad om ei orientering på neste møte kring omdisponering av dyrka jord i Fjord kommune. Sekretariatet vil ta dette opp med kommunedirektøren og be om ei slik orientering.*

Kommunedirektør Karl Andre Birkhol har bekrefta at han vil gje kontrollutvalet ei slik orientering på møte 14. mai 2020.

Saka vert med dette lagt fram utan tilråding til vedtak. Kontrollutvalet kan med bakgrunn i orienteringa sjølv fremme eventuelt forslag til vedtak.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Sak 11/20 Risiko- og vesentlegvurdering – bestilling, innspel og diskusjon i kontrollutvalet.

Vedlegg: presentasjon frå forvaltningsrevisor Kurt Løvoll, Møre og Romsdal Revisjon SA

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal i denne saka bestille ei risiko- og vesentlegvurdering. Vidare skal kontrollutvalet diskutere og vurdere moglege risikomoment i Fjord kommune med bakgrunn i innspel frå Møre og Romsdal kommunerevisjon. Føremålet er å finne ut kor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal danne grunnlag for utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon, som skal vise på kva områder det bør gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Kontrollutvalet skal i løpet av 2020 innstille til kommunestyret om kva plan for forvaltningsrevisjon Fjord kommune skal ha denne valperioden.

- Kontrollutvalet bestiller ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd frå Møre og Romsdal Revisjon SA (MRR). MRR er kommunen sin revisor og kjenner kommunen sin organisasjon gjennom sitt revisjonsarbeid.
- Kontrollutvalet får ei eiga sak i sitt møte kor ein får diskutere og vurdere moglege innspel til kommunerevisjonen sitt arbeid med sjølv analyse.
- På bakgrunn av rapport frå risiko- og vesentlegvurderinga, utarbeider sekretariatet forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2023, som vert behandla av kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret på forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023. Kommunestyret vedtek planen.
- På grunnlag av vedtatt plan for forvaltningsrevisjon bestiller kontrollutvalet forvaltningsrevisjonar utført av MRR.

For at risiko- og vesentlegvurderinga skal vere eit godt verktøy for kontrollutvalet i utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon, så vert det sett følgjande krav til utarbeiding av analyse:

- Som grunnlag bør bl.a. nyttast kommunale dokument og vedtak, tilgjengelege statistikkar og tilsynsrapportar. I tillegg bør det innhentast informasjon frå administrasjonssjef, tilsette, ordførar, politikarar, kontrollutval og sekretariat.
- Det bør gjennomførast dialogmøte med kontrollutvalet/sekretariatet.
- Det skal utarbeidast ei risikomatrise som identifiserer risiko og konsekvens; Høg/uakseptabel risiko, middels risiko, lav/akseptabel risiko.
- Risiko- og vesentlegvurderinga skal leverast til kontrollutvalet v/sekretariatet seinast i løpet av våren 2020

Gjennom det løpande arbeidet vil både sekretariat og revisor opparbeide kunnskap som bør takast med i vurderinga, medrekna informasjon frå utført rekneskapsrevisjon, forenkla etterlevelseskontroll og gjennomførte forvaltingsrevisjonar.


Kontrollutvalet sjølv sit også med kunnskap som bør nyttast i risiko- og vesentlegvurderinga. Gjennom saker utvalet har behandla, gjesting det har gjennomført, og kontakt det har hatt med andre politikarar, har utvalet informasjon om ulike forhold ved kommunen sitt arbeid. Kontrollutvalet kan involverast i arbeidet gjennom diskusjonar i møte. Denne saka er eit slikt forsøk på å involvere kontrollutvalet i dette arbeidet.

Målsettinga med denne saka er å diskutere og påpeike moglege moment som kan takast med vidare i arbeidet med ei grundig og relevant analyse. Etter denne gjennomgangen vil det sannsynlegvis peike seg ut ein del område/aktuelle prosjekt som bør bli gjenstand for nærare vurderingar, og som dermed er aktuelle å ha med i plan for forvaltingsrevisjon.

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller frå Møre og Romsdal Revisjon SA ei risiko- og vesentlegvurdering av Fjord kommune si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap innanfor ei ramme på inntil 100 timar.
2. Fjord kontrollutval ønskjer å framheve følgjande områder for det vidare arbeidet med ei risiko- og vesentlegvurdering: _____ (*fyllast inn etter diskusjonar og prioriteringar i møte*)

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS



Vurdering av risiko- og vesentlegheit (ROV)

- grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon 2020 til 2023

FJORD KOMMUNE

DIALOGMØTE MED KONTROLLUTVALET 14. MAI 2020

Bakgrunn: Plan for forvaltningsrevisjon

2

Utarbeiding av vurdering av risiko- og vesentlegheit (ROV) av kommunen si verksemd vil vere grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon som kontrollutval og kommunestyre skal handsame innan utgangen av 2020-

Skriftlege kjelder

3

Aktuelle dokument for gjennomgang

- Kommuneplan
- Planstrategi
- Kommunedelplanar
- Delegasjonsreglement
- Etiske retningslinjer
- Innkjøpsreglement
- Finansreglement
- Økonomireglement
- Reglement for kommunale byggeprosjekt
- Budsjett og økonomiplan 2019 (2019 til 2022)
- Budsjett og økonomiplan 2020 (2020 til 2023)
- Årsrapport 2018, 2019
- Tertialrapportar 2018 og 2019
- Revisjonsrapportar
- Tilsynsrapportar frå tilsynsmyndigheter
- KOFA avgjersler
- Statistikk fra årsmelding
- Statistikk fra SSB, KOSTRA
- Statistikk frå GSI (Grunnskolen Informasjonssystem)
- Anna aktuell statistikk

Sektorovergripande område

4

1. Intern kontroll og avvikssystem
2. Openheit og innsyn
3. Arkiv og dokumentasjon
4. Digitalisering
5. Saksbehandling og klagebehandling
6. Offentlege innkjøp
7. Offentleg støtte
8. Etikk og varslings
9. Informasjonssikkerheit
10. Arbeidsmiljø
11. Samfunnssikkerheit og beredskap

Kommunale tenester - område

1. Barnehage
2. Grunnskule
3. Helse
4. Barnevern
5. Pleie og omsorg
6. Psykisk helse og rus
7. NAV/sosialtenesta
8. Kultur
9. Teknisk
10. Miljø

Vurdering av risiko- og vesentlegheit (ROV)

6

Risikofaktorer	Bakgrunn for risikovurdering		Risiko- vurdering L = lav M = medium H = høy		Vesentlighet (risikonivå)
	Sannsynlighet for at risikofaktor inntreier	Konsekvens om risikofaktor inntreier	Sannsynlighet	Konsekvens	
Område					
			M	H	
Tjeneste					
			L	M	
Oppgave					
			L	L	

Tenkt mogleg eksempel

7

Risikofaktorar	Bakgrunn for risikovurdering		Risiko-vurdering L = lav M = medium H = høy		Risikonivå
	Sannsynlegheit for at risikofaktor inntreff	Konsekvens om risikofaktor inntreff	Sannsynlegheit	Konsekvens	
Anskaffingar og innkjøp					
Innkjøpa blir ikkje gjort tilfredsstillande	Har verken innkjøpsstrategi, innkjøpsreglement eller rutinar. Har blitt dømt i KOFA fleire gonger.	Mindre effektiv drift, økonomisk tap og misleg framferd. Svekka tillit og omdøme.	H	H	

Aktuelle problemstillinger

8

- ▶ Kva er dei største utfordringane og risikoområda for kommunen framover?
- ▶ Er det fagområde, sektorar eller verksemdar som har særlege utfordringar?

(barnehage, skule, vaksenopplæring, psykisk helse, rus, pleie og omsorg, helse, habilitering, flyktning, NAV, planarbeid, byggesak, næringsutvikling, landbruk, miljø, tekniske tenester, eigedom, brann, vatn, avløp m.v.)

- ▶ Har kommunen utfordringar i forhold til brukarar og befolkning?

(brukarmedverknad, likebehandling, omdøme, kvalitet, informasjon, innsyn)

Forts. aktuelle problemstillinger

9

- ▶ Har kommunen utfordringar i forhold til organisering?
(ansvarsfordeling, kompetanse, rekruttering, arbeidsmiljø, Etikk, leiing)
- ▶ Har kommunen utfordringar i forhold til styring og styringssystem?
(Heilskapleg planlegging, internkontroll, rapportering)
- ▶ Har kommunen utfordringar i forhold til økonomi og ressursbruk?
(Økonomisk oppfølging, innkjøp og offentlege anskaffingar, fare for misleg framferd)
- ▶ Har kommunen utfordringar knytt til fokus på tvers av sektorar?
(Berekraftig utvikling, Folkehelse, Likestilling, Barn og unges interesser i planlegging)

“ Vi vil bidra til at innbyggjarane i
vårt distrikt får enda betre
kommunar å bu i ”

- Møre og Romsdal Revisjon